

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 16.06.2016

Vår ref.: 201601920-4

Arkiv: 313

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Bård Andreas Selstad Ottesen

22 95 95 28 / baso@nve.no

Bremnes Seashore AS - søknad om løyve til tidsavgrensa uttak av vatn frå Jørstadelva i Finnøy kommune, Rogaland - høyring

NVE har motteke ein søknad frå Bremnes Seashore AS, datert 01.04.2016, om løyve til eit tidsavgrensa uttak av vatn frå Jørstadelva i Finnøy kommune.

Bremnes Seashore AS planlegg å ta ut vatn frå Jørstadelva i samband med eit forsøksanlegg for avlusing av fisk med snorkelmerd i Jørstadvågen nordvest på Ombo i Ryfylke. Det vert søkt om eit vassuttak på inntil 50 l/s i månadane frå september til og med november. Det vert søkt om eit tidsavgrensa uttak i fire år frå hausten 2016 til og med hausten 2019. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 10 l/s i september, og 30 l/s i oktober og november.

Søknaden skal behandlast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Viss de ønskjer papiirutgåve av søknaden, kan de kontakte Geir Magne Knutsen på tlf. 918 33 233 eller e-post: Geir-Magne@seashore.no.

Vi ber Finnøy kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på Finnøy kommune sitt servicetorg i Finnøy fram til **25.08.2016**. Det eine eksemplaret kan, om nødvendig, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagt informasjonsark som forklarar saksbehandlinga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at uttalar vert sendt oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som råd og seinast innan **25.08.2016**. I tillegg kan ein sende uttalar per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Uttalen eller delar av uttalen vil bli referert i eit endeleg vedtak. Om uttalen er lang, er det difor ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Bård Andreas Selstad Ottesen
seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Søknader til kommunen, 3 stk.
 Kunngjeringstekst
 Informasjonsark
 Mottakarliste

Mottakerliste:

Bremnes Seashore AS
Finnøy kommune
Fiskeridirektoratet
Forum for natur og friluftsliv Rogaland
Fylkesmannen i Rogaland
Mattilsynet Region Sør og Vest
Naturvernforbundet i Rogaland
Norges Jeger- og Fiskerforbund Rogaland
Norges Miljøvernforbund
Rogaland fylkeskommune
Ryfylke friluftsråd
Stavanger Turistforening Hovedkontor